

Aurland Bestandsplanområde



Bestandsplan 2018 - 2020

Føreord

Dette er Aurland hjorteutval sin plan for Aurland Bestandsplanområde for treårsperioden 2018 - 2020. Planen er ei skildring av status, i tillegg til tiltak for å nå ynskta målsettingar.

Det er valda som får tildelt løyva frå kommunen. Jakta føregår i valda slik den har gjort før og dette vil ikkje verte endra på. Valda kan om ein vil, legge opp til flytting av løyver internt i bestandsplanområde, men då må det ligge føre ein skriftleg avtale.

Innhald

Føreord

1. Bestandsplanområdets avgrensing og storleik

2. Planperiode

3. Målsetting

4. Organisering

5. Status

5.1 Arealbruk og områdeavgrensing

5.2 Bestandsutvikling og status

5.3 Irregulær avgang

6. Handlingsdel

6.1 Avskytingsmodell

6.2 Fordeling av kvoten

6.3 Avgjerslegrunnlaget

7. Rullering av planen

1. Bestandsplanområdets avgrensning og storleik


Aurland bestandsplanområde dekkjer heile Aurland kommune. Ein legg til grunn 323112 dekar teljande areal. Det er total 55 godkjende hjortevald innafor planområde i varierende storleik, 44 av desse er medlemmer i Aurland bestandsplanområde.

Vald id	Valdnavn	Teljande areal hjort
1421V0013	Norheimsdalen	26399
1421V0015	Horten	1903
1421V0016	Nedberge	4803
1421V0017	Vetlenedbergane	1003
1421V0018	Skjerdal	7245
1421V0019	Volda	1218
1421V0020	Aas	2446
1421V0021	Bjørgo	1080
1421V0022	Turlid/ Skaim	5073
1421V0023	Terum	4268
1421V0024	Steine	2368
1421V0025	Øyum/Veum	8108
1421V0027	Midje	3200
1421V0028	Bjelde	6483
1421V0031	Vetledalen	1771
1421V0032	Nesbø	1883
1421V0033	Østerbø	2962
1421V0039	Fretheim	4009
1421V0040	Indrelid	3792
1421V0041	Dalsbotn/Haglum	4310
1421V0043	Thunshelle	2387
1421V0044	Bergkvam	2973
1421V0045	Melhus	3404
1421V0046	Reinunga/Kvanntjørn/Kårdal	5723
1421V0048	Vidme	2131
1421V0052	Kamben/Rudningen	1879
1421V0053	Hjellum	1094
1421V0054	Underdal	25013
1421V0055	Stegen	2793
1421V0056	Styvi	13738
1421V0057	Bakka/ Tufte Aust	1011
1421V0058	Skjerpi	4534
1421V0059	Hemre	2048
1421V0060	Gudvangen	2531
1421V0061	Bakka/ Tufte vest	8296
1421V0062	Dyrdal storvald	49942
1421V0063	Stundalen	3798
1421V0064	Hylland	6903
1421V0065	Sjh/Lunde	1620
1421V0066	Ramsøy	5004
1421V0067	Skålo	1424
1421V0068	Berekvam	1213
1421V0070	Myrdal	2658
1421V0071	Skori	1316
1421V0072	Frivollen	2090
1421V0074	Flenjane	3280

1421V0076	Brekke/Frondalen	16673
1421V0077	Øvre Flåm	11736
1421V0085	Holmen	1133
1421V0086	Uppsete	2596
1421V0090	Kvam	1235
1421V0091	Liahovden	26460
1421V0092	Kvammadal	1223
1421V0097	Geisme/Seltuft	6032
1421V0099	Kvamsbergi/Nisedalen	2897
Totalt daa		323112

Tabell 1: Valdoversikt Aurland Bestandsplanområde

Planområdet dekkjer heile kommunen. I den førre planperioden var ikkje vestsida av Nærøyfjorden med. Dette etter anbefalingar frå Hordahjortprosjektet om hjortens områdebruk. No har ikkje dei kome inn i planområdet til Fresvik, Fresvik vil ikkje ha dei med. Då meiner Aurland hjorteutval att det er meir rett att dei kjem med i planområdet til Aurland.



Figur 2. Kart over Aurland bestandsplanområde

2. Planperiode

Aurland hjorteutval søker om godkjenning av ein treårig bestandsplan for tidsrommet 2018 - 2020 for forvaltning av hjorten i område.

3. Målsetting

For at ein skal kunne styre mot ei ynskt utvikling er det naudsynt med konkrete, målbare og tidfesta målsettingar. Måla skal og ta omsyn til offentlege krav og føringar som ligg til grunn for hjorteforvaltning. Aurland hjorteutval ser det likevel som viktig av planen er basert på lokalt forankra målsettingar, ein legg difor til grunn at det kan vere ulike ynskjer mellom medlemmane i bestandsplanplanområde.

Forskrift om forvaltning av Hjortevilt har krav om at grunneigaranes bestandsplanar skal ta omsyn til offentleg målsettingar. Aurland kommune har laga eit måldokument for hjorteforvaltninga i kommunen. I kapittel 3. (Mål) Står det følgjande:

"Årdal, Lærdal og Aurland har som mål å ha ein bestand av hjortevilt som er tilpassa naturleg næringstilgong, har god kondisjon og som skal føra til minimal skade på jord, skog og andre samfunnsinteresser. Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta"

Miljødirektoratet og Mattilsynet har på grunn av funn av Skrantesjuka (CWD) på villreinen i Nordfjella villreinområde sone 1, pålagt kommunane å auka fellinga med minst 20% for å minska faren for smitte til anna hjortevilt. Dette er noko me tek inn i bestandsplanen.

Hovudmål:

Hovudmålet for denne planperioden er ein moderat reduksjon i hjortestamma, i planperioden skal me redusera sett hjort pr. jegerstime frå 0,31 til 0,22. Dette fordi ein skal minske risikoen for smitte av CWD til hjortevilt.

Dette skal gjerast innafor berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ein forutsigbar bestandsutvikling til gode for hjorteforvaltninga, næringsverksemd og andre samfunnsinteresser.

Delmål:

- Halde på eit godt kjønnsforhold i bestanden, ikkje over 1,4 kolle pr bukk i sett-hjort statistikken.

- Legge til rette for eit uttak lokalt i valda som tek omsyn til lokale ynskje og behov.
- Reduksjonen i hjortestamma skal omfatta heile kommunen, men skal fyrst og fremst skje i dei valda som grensar til Nordfjella villreinområde sone 1, nord for Aurlandsvassdraget.
- Legge til rette for betre avgjerslegrunnlag i hjorteforvaltninga, målsetning på 100 % oppslutning på sett-hjort registreringane.

4. Organisering, drift og økonomi

Det er valda i område som er medlem i Aurland Bestandsplanområde, og vert representert gjennom valdsansvarleg representant. Bestandsplanområde skal driva med hjorteforvaltning innafor område, og medlemane har skrive under på samarbeidsavtale om dette. Det er valda som får tildelt løyva frå kommunen etter godkjend bestandsplan. Fordelinga er beskrive seinare i planen. Om det er trong for det, kan løyver flyttast mellom vald, då er det krav om skriftleg samjaktavtale. Det er valda som skal rapportere fellingsresultat og bestandsdata til kommunen. Bestandsplanområde vert drive av eit styre på 7 personar vald av årsmøte i planområde.

Aurland bestandsplanområde vert drive av styret i Aurland hjorteutval, og det er styret som driv planområdet etter vedtekter og vedtak fatta i årsmøte. Bestandsplanområde engasjerer eigen sekretær for den faglege oppfølging av planen, rapportering og eventuelle justeringar undervegs. Arbeid med dette skal konkretiserast i Bestandsplanområdets arbeidsplan og budsjett. Det vil og verte trong for arbeid knytt til informasjonsarbeid, kompetanseheving og auka oppslutnad.

5. Status



Den grunneigarstyrde lokale hjorteforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Mål og tiltak må difor vere basert på best tilgjengeleg kunnskap til ein kvar tid. Sett hjort har vore nytta i Aurland i nokre år, no byrjar oppslutnaden å bli bra. Kapittelet om status er laga med grunnlag i sett hjort, fellingsdata og lokalkunnskap.

5.1 Arealbruk og områdeavgrønsing

Aurland bestandsplanområde legg til grunn ei områdeavgrønsing for planområde som tilsvarar Aurland kommune. Hjorten nyttar arealet i planområde noko ulikt og i grender med aktiv drift av innmarka til gras, frukt/bær og grønsaker er tettleiken større enn i andre delar.

5.2 Bestandsutvikling og status

Grunnlaget for bestandsutvikling og status i bestanden finn vi fellingsdata, sett hjort og lokalkunnskap. Sett hjort materialet er sårbart for feil og einsskilde ekstremobservasjonar, og ein legg på generelt grunnlag til grunn at ein bør ha over 1000 N (Observasjonar) før ein kan trekke konklusjonar frå registreringa. Presisjonen vert betre med aukande tal observasjonar. Dei 5 siste åra frå 2013 til 2017 er det registrert over 1000 hjort i materialet kvart år.




Figur 3. Syner utvikling av sett hjort per jegertime, kolle per bukk og kalv per kolle.

Desse tala er som nemnd usikre sidan tal sett-hjort er ein forholdsvis ny metode i Aurland, men om ein ser på åra med mest observasjonar, ser det ut som om at det stabilt med bukkar i bestanden og tal hjort har vore aukande dei siste åra.



Styret i Aurland bestandsplanområde meiner me har ein del innvandring av unge hanndyr frå andre kommunar. Dette er noko me har erfaring frå og som vart stadfesta av Hordahjortprosjektet. I perioden 1995-2017 vart det felt rundt 60% hanndyr, likavel har me i i sett hjort matrialet dei 7 siste åra sett 1,07 kolle pr. bukk i gjennomsnitt.

Bestandsplanområde vil jobbe for auka bruk av sett-hjort i denne planperioden. Målet er at 100% av jaktinga skal rapporterast som sett-hjort, me er nesten der.

Det er resultatet av avskytinga dei siste åra ein ser i bestanden i dag, og når ein veit at jakta står for nærare 90% av dødlegheita i bestanden, så er det viktig med fokus på kva slags dyr som vert skote. Under er det sett opp ein oversikt over kva som er skote dei siste åra.



Figur 4. Syner prosentvis utvikling av skotne dyr i Aurland fordelt på kjønn




Figur 5. Syner korleis dei skotne dyra fordelar seg på kategoriane hanndyr/hodyr og kalvar/ungdyr vs vaksne dyr

Det går fram av tala i figur 5 at det er skote meir hanndyr enn hodyr i alle år ein har tal for, trenden ser ut til å halda fram. Men på grunn av innvandringa har me meir hanndyr i bestanden og me kan halda fram med å fella litt meir hanndyr enn hodyr. Det kan vera eit mål å spare ein del av dei store hanndyra, førre planperiode oppfordra me til å spare bukk med gevir over 12 taggar. Dette trur me ikkje vart teke alvorleg. Aurland hjorteutval vil att dei som skyt bukk med fleire enn 12 taggar må betala 1000.- pr. tagg over 12 taggar til Aurland hjorteutval.

Vidare ser ein at det er skote tilnærma likt på tilvekst (Kalvar/Ungdyr) og kapital (Eldre dyr) dei siste åra. Det gjer att me ikkje har så mange vaksne koller i bestanden, og det kan vera lettare å regulera bestanden.

5.3 Irregulær avgang

Irregulær avgang i hjortebestanden knytt til møter mellom hjort og bil er og har ikkje vore noko stort problem i Aurland. Planområdet vil jobba for at dette ikkje vert endra på i framhaldet.



Figur 7: Viser trafikkdrepte hjort i Aurland 2012-2017.

Oppsummering:

Aurland hjorteutval meiner hjortestamma er sunn og frisk og at det er samsvar med det ein kan lese i talmaterialet og det vi ser i skogen. Bestanden har etter vårt syn auka litt dei siste åra og det er bra med hanndyr i bestanden, slaktevektene er greie, og vi vil fylgje med på denne utviklinga i åra som kjem.

På grunn av funn av CWD i Nordfjella villreinområde er målsettinga til Aurland hjorteutval ein moderat reduksjon i hjortestamma, for å minska risikoen for overføring av sjukdomen til anna hjortevilt. Me har som mål å auka fellinga med 20% utifrå fellinga 2014-2016, til ca 200 dyr pr. år.

6. Handlingsdel

Handlingsdelen i planen skal legge rammene for avskytinga i Aurland Bestandsplanområde, det er likevel grunn til å nemne at det er litt ulike tilhøve knytt til hjortemengd og skadeproblematikk på ulike stadar i bestandsplanområde.

Me meiner at det i denne planperiode er trong for fleire løyve. Me vil bruka 50% regelen og dobla talet på fellingsløyve til dei valda som ligg nord for Aurlandsvassdraget. Me vil og tilrå og tildela fellingsløyva som frie løyve i heile kommunen. Det vil på denne måten verta lettare å ta ut kvoten, og me vil kunna oppnå målet med moderat reduksjon i bestanden. Det mest effektive for å minska bestanden er å ta ut fleire vaksne koller.

Aurland hjorteutval meine att viss me skal redusera bestanden, så er det naudsynt med å tildela fellingsløyva som frie løyve. Topografi og måten me jaktar på er krevande, det vil bli meir felling viss ein har større valfridom. Valda vil på denne måten få større innverknad lokalt på hjortestamma. Dei valda som har problem med bøhjort, kan fella dei kollene og ungdyra som kjem fyrst, dette vil vera den mest effektive måten å få ned konfliktnivået. Små vald vil lettare ta ut heile kvoten. Eit alternativ er sterk auke i kvotane, men resultatet blir det same fordi fellingsprosenten vil gå ned. Tildeling som frie løyve set større krav til valda, viss ein har problem med mykje hjort kan ein ikkje berre fella hanndyr. Ein bør heller ikkje koma i ein situasjon der det går att mange morlause kalvar.

Viss me ikkje får dispensasjon for tildeling som frie løyve frå Miljødirektoratet, vil me halda på den fordelinga som me hadde i førre planperiode. Fordeling på 60% hanndyr og 40% hodyr. Når det gjeld alder, går me inn for ei fordeling 60% ungdyr og 40 % eldre dyr.

Aurland hjorteutval vil og gå inn for å stimulera til auka uttak av kalv, med å søkja kommunen om fritak for fellingsavgift for kalv.

I fjor fekk me tilbod om helikopter til uttransport av slakt. Dette viste seg effektivt på fellinga i dei valda som ligg avsides til. Aurland hjorteutval ynskjer ein vidareføring av denne ordninga, der me søkjer Miljødirektoratet om tilskot til uttransport av slakt på grunn av ynskje om reduksjon i hjortestamma. Me meine omfanget kan vera høgleg med ein dag i veka, dei to fyrste månadane i jakta. Ein bør fly i regi av Statens naturoppsyn, då slepp me unna alt byråkrati med søknader om landingsløyve. Denne ordninga kan med fordel vera eit samarbeid med Lærdal. Dette er same måten som ein organiserte det på under jakta i 2017.

Når planperioden er over, er truleg smitterisikoen for CWD minska og me kan gå attende til ein meir målretta avskytingsmodell.

6.1 Avskytingsmodell

Aurland hjorteutval søkjer om godkjenning av ein bestandsplan for treårsperioden 2018 – 2020, med ei årleg kvote på 384 dyr, til saman 1152 løyve for heile planperioden. Dette er rekna ut på bakgrunn av att Bakka/ Tufte vest og Dyrddal er med i bestandsplanområdet og att alle valda som ligg nord for Aurlandsvassdraget får dobla kvoten sin.

<u>Vald id</u>	<u>Valdnavn</u>	<u>Areal</u>	<u>50% auke</u>	<u>Tildeling årleg</u>
1421V0013	Norheimsdalen	26399	x	52
1421V0015	Horten	2003	x	4
1421V0016	Nedberge	4803	x	8
1421V0017	Vetlenedbergane	1003	x	2
1421V0018	Skjerdal	7245	x	14
1421V0019	Volda	1218	x	2
1421V0020	Aas	2446	x	4
1421V0021	Bjørgo	1080	x	2
1421V0022	Turlid/ Skaim	5073	x	10
1421V0023	Terum	4268	x	8
1421V0024	Steine	2368	x	4
1421V0025	Øyum/Veum	8108	x	16
1421V0027	Midje	3200	x	6
1421V0028	Bjelde	6483	x	12
1421V0031	Vetledalen	1771		1
1421V0032	Nesbø	1883	x	2
1421V0033	Østerbø	2962	x	4
1421V0039	Fretheim	4009		4
1421V0040	Indrelid	3792		3
1421V0041	Dalsbotn/Hauglum	4310		4
1421V0043	Thunshelle	2387		2
1421V0044	Bergkvam	2973		2
1421V0045	Melhus	3404		3
1421V0046	Reinunga/Kvanntjørn/Kårdal	5723		5
1421V0048	Vidme	2131		2
1421V0052	Kamben/Rudningen	1879		1
1421V0053	Hjellum	1094		1
1421V0054	Underdal	25013		25
1421V0055	Stegen	2793		2
1421V0056	Styvi	13738		13
1421V0057	Bakka/ Tufte Aust	1011		1
1421V0058	Skjerpi	4534		4
1421V0059	Hemre	2048		2
1421V0060	Gudvangen	2531		2
1421V0061	Bakka/ Tufte vest	8296		8
1421V0062	Dyrdal storvald	49942		49
1421V0063	Stundalen	3798		3
1421V0064	Hylland	6903		6
1421V0065	Sjh/Lunde	1620	x	2
1421V0066	Ramsøy	5004		5
1421V0067	Skålo	1424	x	2
1421V0068	Berekvam	1213	x	2
1421V0070	Myrdal	2658		2
1421V0071	Skori	1316	x	2
1421V0072	Frivollen	2090		2
1421V0074	Flenjane	3280		3
1421V0076	Brekke/Frondalen	16673		16
1421V0077	Øvre Flåm	11736		11
1421V0085	Holmen	1133	x	2
1421V0086	Uppsete	2596		2

1421V0090	Kvam	1235	x	2
1421V0091	Liahovden	26460		26
1421V0092	Kvammadal	1223	x	2
1421V0097	Geisme/Seltuft	6032		6
1421V0099	Kvamsbergi/Nisedalen	2897	x	4
Totalt daa		323212		384

6.2 Fordeling av kvoten

Valda/medlemene får tildelt heil kvoten for heile planperioden som frie løyve.

6.3 Avgjerslegrunnlaget

For at avgjerslegrunnlaget for forvaltning av hjort i bestandsplanområdet skal verte godt, vil ein framleis ha fokus kvaliteten på sett hjort registreringane og slaktevektregistreringane. Det er laga ei handbok med rettingsliner for føring av sett hjort, og ein skal arbeide for at slaktevektene vert registrert så likt som mogeleg i heile planområde. Det er varmevekta utan skinn, hovud og bein inkl. nyrer som skal registrerast. Skotskada kjøtt skal ikkje takast bort før veging. Det er vidare viktig at ein rapporterar rett i høve dei skotne dyra. Ein legg her til grunn at ein sjekkar tenner nøye om ein er i tvil om dyret er 1,5 år eller eldre.

-Det vart gjennomført kjeveinnsamling i 2013, Aurland hjorteutval vil gå inn for å samla inn kjevar andre året annakvar planperiode, for å sjå på utviklinga i stamma. Neste kjeveinnsamling blir i 2019.

7 Rullering av planen

Styret/hjorteutvalet skal lage framlegg til ny plan i god tid før siste årsmøte i planperioden. Denne skal sendast ut på høyring til valda, før den vert handsama på årsmøte før endeleg godkjenning.

Aurland mars 2018

Aurland hjorteutval